

Prekenverkstedet



<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Grunnlovsdagen – 17. mai 2021

Preiketekst: Matt 22, 17-22

Lesetekst I: 1 Krøn 29, 10-14

Lesetekst II: 1 Tim 2, 1-4

Det byggjast skal i fred

Det er ei flott tid me er inne i. Det spirer og gror etter vinterdvalen, ljuset vert stadig sterkare, lukta strøymer mot oss her på bondelandet... Ein kan bli våryr av mindre. Alt saman er sterke vitnemål om at Gud held si skapande og vernande hand om oss, og heile verda. Normalt er mai månad prega av festdagar og flagg, bunadar og blomar. Me har frigjeringsdagen 08. mai, Kristi himmelfarts dag, og berre få dagar etter nasjonaldagen kjem kvitsunnhelga. Vanlegvis er også mai fylt opp av konfirmasjonar i mange av helgene. Men i år er ikkje alt som normalt. Men kanskje litt mindre unormalt enn slik mai vart i fjor?

Med grunnlovsdagen 17. mai på ein måndag får me ein langhelgeffekt dette året, gjerne med møte og gudsteneste to dagar på rad!

I dag gratulerer me kvarandre med 207-års dagen for Grunnlova vår. Og me takkar for landet Han gav oss. Og me minnest alle dei kampane som har vore gjennom desse 207 åra, for å verna om landet og folket. Det sømer seg å tenkja attende heilt til det spennande året 1814, på den famøse paragrafen i Grunnlova som stengde jødar ute frå landet vårt, på dramaet omkring 1905 då me kom ut or unionen med Sverige, dei lagnadstunge åra 1940-45, terroren 22. juli. Og samstundes er det like maktpåliggjande å fokusera på dei mange politiske og ideologiske utfordringane som vår tid står andsynes. Vil me i fellesskap kjempa mot alt det vonde, og kjempa for alt det gode?

Betala skatt med glede

Kva seier så tekstane til oss denne dagen? Skatt er i fokus – den betaler me vel alle med glede? Vel kan me vera usamde om kor mykje ein skal skatta, og kva det skal skattast

av. Men skattesnyteri og å lura seg unna avgifter av ymse slag høyrer ingen stad heime. Det er svik mot fellesskapet og kan fort enda som egoistisk mammondyrking.

Teksten tek til med vers 17 hjå Matteus 22, men også vers 15 og 16 høyrer med i samanhengen. Målet for farisearane er å få Jesus til å gå på limpinnen. Målet for dei er ikkje å få til ein dialog om eit emne som var aktuelt den gongen, svært aktuelt i og med at det romerske imperiet rådde over det jødiske landet og folket. Herodianarane som også var med i gruppa som ville setja Jesus fast, veit me lite om. Truleg var det tilhengarar av Herodes den store og gjerne også slektningane og etterkomarane hans, spesielt Herodes Antipas i Galilea. Desse var langt meir romervenlege enn farisearane var. Men hvis dei kunne klara å setja Jesus fast, så fann dei saman på tvers av motsetnadar. Det er ein interessant observasjon, og til ettertanke.

Gud og keisaren

Jesus kjenner oss alle til botnen og det inste av vår sjel. Han merka kva som var intensjonen til desse, at det var vondskap som prega dei. Sjølv om dei tiltala han aldri så venleg og høfleg, svara Jesus slik: -Kvifor freistar de meg, hyklarar? Og han heldt fram med å be dei syna fram ein denar, med bilete av keisaren. Og rundar av den korte dialogen med desse ikoniske orda: Gjev keisaren det som som keisarens er, og Gud det som Guds er!

At dei undra seg over eit slikt svar, og tusla bort, ein etter ein, er ikkje å undrast over. Dei hadde nok vona på at han skulle anerkjenne at skatt skulle betalast til keisaren, og dermed skulda han for ikkje å vera Messias og dermed eit vonbrot for folket sine forventningar. Eller nekta for at ein skulle betala skatt til keisaren. Då kunne han verta arrestert for oppvigleri og utlevert til dei romerske styresmaktene.

Jesu svar her har vorte tolka svært ulikt, både som uttrykk for ei anerkjenning av staten eller styresmaktene, og som uttrykk for ringeakt for verdsleg makt. I middelalderen sin strid mellom keiser og pave var det framme, og hjå Luther då han strevde med læra om dei to regimenta. Hjå oss sjølv vart dette eksistensielt i dei fem tunge krigsåra. I kva grad skulle ein lyda okkupantane, eller i alle fall samarbeida med dei? Skal ein alltid bøya seg for det som styresmaktene vedtek? Finst det situasjonar der det einaste kristelege og etisk forsvarlege er å nekta, eventuelt også å gjera opprør?

Rause gåver

Kanskje lesetekstane kan vera oss litt til hjelp? I 1 Krøn 29 er det David som lovprisar Herren med store og sterke ord. Rett før får me ei opprekning av alle gode gåver som vart gitt til bygginga av tempelet. Det er ei imponerande liste med bronse, sylv og gull og edle steinar og anna av topp kvalitet. -Kven er i dag villig å fylla hendene sine med gåver og koma til Herren? Slik står det i vers 5, rett før tekstavsnittet som utgjer leseteksten. «Gje Gud kva Guds er.» Desse orda kling sterkt med når me les dette avsnittet i 1 Krøn 29. Kva er me villige til å investera i Guds rike, i vår tid, i våre kyrkjer og misjonssamanhengar??

Forbønn for leiarane våre

Leseteksten i 1 Tim 2 er på ein annan måte konkret og tindrande klar. Framfor alle ting vert me alle formana til forbøn for alle menneske, men kongar og alle som er i høg stilling, er nemnde spesielt. Hensikten er at me kan leva eit stilt og godt liv i all gudsfrykt og gode seder. Dette er godt og til hugnad for Herren. Jau sanneleg, styresmaktene, og øvste leiar enten det er ein keisar, konge, president eller statsminister, har fått eit høgt kall. Det høver svært godt å minna kvarandre på akkurat dette på grunnlovsdagen. Både påkalling, forbønn og takk er nemnt i vers 1. Og verset tek til med desse sterke orda: Framfor alle ting!

Må det ikkje kunna seiast om oss at me «forlet Jesus og går bort frå han», etter å ha høyrte slike ord. Men at både tekstane denne dagen, og at me har ein grunnlovs- og nasjonaldag å feira, som eit fritt land og fritt folk, kan fylla oss med takksemnd.

I skrivande stund er det i mange kommunar allereie vedteke ei forenkla feiring av dagen i år, grunna smittesituasjonen. Men om det enn er corona-restriksjonar som framleis gjeld, så gjeld det ikkje flagga våre. Dei er oppe denne dagen, i sine vakre fargar, og med krossmerket.

Det er Arne Garborg som nyttar uttrykket at det (landet vårt) skal byggjast i fred, i den mektige salmen «Gud signe Noregs land»:

Her stig det stort og blått,

vårt fagre heimlands slott.

Med tind og tårn.

Og som det ervdest ned

alt fagrar led for led,

det byggjast skal i fred

åt våre born.

Paul Odland

Pensjonert misjonsrådgyvar i Den Norske Israelsmisjon

paul.odland@lyse.net